

SONG OG SPEL I SYKKYLVEN -

gammal og ny tid

VED

Trygve Straume

19 7 8

UTGJEVAR SYKKYLVEN SOGENEMND

INNHALD

	Side
Føreord	7
Innleiing	9
Eg veit ei bygd der inne	11
Song og spel i Sykkylven i gammal tid	13
Folketonar.....	22
Føregangsmenn	25
Korsong	71
Særmerkte songarar	102
Songarminne	131
Særskilde tilstellingar	136
Musikklag	144
Spelemenn	179
Musikkens Venner.....	221
Sykkylven Leikarring	223
Bødaviså	226
Attersyn.....	229
Kjelder	230
Religiøse folketonar frå Sykkylven	231
Slåttar frå Sykkylven	245

FØREORD

Det har ofte vore tala om kor viktig det måtte vere å få skrive ei song- og musikksoge for Sykkylven. Gamle folk hadde fortalt om spelemenn og songarar som hadde levt i bygda, og om song- og musikklivet som ofte blømde. Men ettersom ingen la dette så mykje på minnet, oppdaga ein sidan kva som var forsømt, for mange av dei gamle var borte, og ingen ting var oppskrive.

I 1973 fekk eg oppmoding av fleire i bygda om å ta på meg arbeidet med ei song- og musikksoge for Sykkylven. Eg skjøna at dette var både ei vanskeleg og ei interessant oppgåve, men førebels vart det berre med tanken. Då eg hausten 1974 fekk nye oppmodingar om dette, no også av ordføraren i Sykkylven og formannen i Sogenemnda, gjekk eg i gang. Det varde då ikkje lenge før eg oppdaga at eg var minst 15—20 år for seint ute. Mange av dei gamle som hadde fylgt noko større med i denne sida av kulturlivet i bygda, var borte. Men ved å leite i gamle utklipp frå aviser som eg hadde skrive så tidleg som i 1930-åra, fann eg mykje som var til god hjelp. Elles takkar eg Karl Nakkeberg, Lars K. Riksheim og Nikolai Blindheim for det dei har fortalt meg om gammal tid. Sverre Lyshol hadde verdfullt stoff frå Misjonskoret si soge. I dei siste 45 åra har eg sjølv hatt høve til å vere med i song- og musikklivet i bygda.

Kan hende tenkte både ordføraren og formannen i Sogenemnda at det eg skreiv kunne bli ein bolck i den påtenkte kultursoga for Sykkylven. Men då måtte ein ta bort mykje av del eg her har skrive, for plassen si skuld, og det hadde eg ikkje hug til. Eg har elles teke med ei mengd bilete som då ikkje kunne fått plass, sameleis bolckane om folketonar og slåttar frå Sykkylven.

Straumgjerde 1977

Trygve Straume

Innleiing

Når ein les tittelen på denne boka, vil det vere naturleg å spørje: Kor langt attende og kor langt fram i tida går «gammal tid»?

Kjeldene som fortel om song- og musikklivet her i bygda, går ikkje lenger attende enn til slutten av 1700-talet, så det biletet vi kan danne oss av song og spel i Sykkylven før om lag 1800, må bygge på det vi veit om tida etter, og på det landssoga kan opplyse om song og spel i landet før den tid.

Til «gammal tid» reknar eg då tida frå om lag 1800 til slutten av 1930-åra — eller til 1950-åra, då mangt av det gamle går ut og nytt kjem til. I 1930-åra får vi såleis eit generasjonsskifte i song- og musikklivet i bygda: eldre songarar, musikarar og dirigentar fell frå, og nye tar over. Elles fører gjennombrøtet for industrien i bygda til at denne delen av kulturlivet får ei breiare rekruttering og eit solidare økonomisk grunnlag for arbeidet sitt. Samstundes veks nye samværsformer fram: nye fest- og høgtidsskikkar avløyser dei gamle, t.d. bryllaupsskikkane, og det set sitt preg på song- og musikklivet.

«Gammal tid» kan ein vidare dele i ein eldre og ein yngre bolk, tida før og etter 1870-åra.

På 1800-talet lydde nok songen både i skulen og kyrkja, og dei gamle spelemennene, kjøkmeistrane og dei som song folketonane, heldt gammal song og musikk i hevd. Men omkring 1870 tar korsongen til og dermed den utviklinga som fører fram til det rike song- og musikklivet vi har i dag. Framvoksteren av korsongen har samanheng med ei allmenn utvikling i landet vårt i siste halvdel av 1800-talet. Ein sterk økonomisk framgang skapte vilkår for ein rik åndeleg kulturvokster i denne tida. Betre skulegang førde til større opplysning, aukande handel og industri til større samkvem mellom landsdelane — og mellom by og land. Kulturimpulsane nådde fram til bygdene, og det vart ei åndeleg vakning. Såleis vart misjonsarbeidet, fråhaldssaka og den f. ril. ungdomsrørsla folkerørslar i denne tida.

FØREORD

frå Sykkylven Sogenemnd

Sykkylven Sogenemnd har tidlegare gjeve ut desse bøkene: «Ut-
vandarane frå Sykkylven» av Martin Gjøvenes, «Sykkylven i eldre
tid» av Ola Tandstad, «Gardssoga for Sykkylven» band I og II av
Gustav Weiberg Aurdal.

Når Ola Tandstad hadde skrive første bandet av kultursoga,
«Sykkylven i eldre tid», så hadde han også arbeidd vidare med
manuskript til andre bandet, der songen og musikken skulle få plass.
Trygve Straume vart si oppmoda om å skrive meir om songen og
musikken i Sykkylven slik at det kunne bli ein fyldig bolk i boka.
Han sa seg villig til det.

Trygve Straume har heile si tid vore svært interessert i song og
musikk og har gjort stor innsats m.a. som kor- og korpsdirigent.
Han tok no fatt på dette arbeidet med den same interesse, men fann
snart ut at ein bolk i kultursoga gav altfor liten plass. Her var stoff
til ei heil bok.

Saka vart lagt fram på møte i Sykkylven Sogenemnd 24/6 1976
og det vart etter avtale med Trygve Straume vedteke at Sogenemnda
skulle overta manuskriptet og gi det ut som eiga bok. Vi takkar
Trygve Straume for det arbeid han har lagt ned på dette manu-
skriptet. Likeins vår takk til lektor Thomas Vinje som har synt
velvilje og gitt gode råd både med manuskript og korrekturlesing.

Vi vonar at boka «Song og Spel i Sykkylven — Gammal og ny
tid» vert godt motteken og at lesarane vil finne godt og interessant
stoff.

Sykkylven, mai 1978.

SYKKYLVEN SOGENEMND

*Hans Tu Sverre Andestad Hans Petter Tynes
Norvald Fet Trygve Straume Leif Ramstad, form.*

Det er på denne bakgrunn vi må sjå framvoksteren av korsongen i Sykkylven — og på Sunnmøre elles — dei siste tretti åra av 1800-talet.

Her i bygda kom den åndelege vekkinga i slutten av 1880-åra og i 90-åra. Folk samlast ikkje lenger til gudsteneste berre i kyrkja. Det vart ofte samlingar andre stader og, mest i heimane, men og i skulehusa. Og herifrå tona allsongen. Sidan kom bedehusa, og møteverksemda vart rikare. Aure bedehus vart bygt i 1892. Hundeidvik og Velledalen bedehus kom seinare. No vart og dei første fri-lynde ungdomslaga skipa. Dei første ungdomshusa vart bygde mellom 1908 og 1913. Kvinneforeiningar og kristelege ungdomslag kom til, og heile dette lagslivet ferde song og musikk med seg.

Frå omkring 1870- til 1950-åra kan vi vel seie at korsongen domierte bolkevis i song- og musikklivet. Skiftande kår var det nok — alt etter tilgangen på songarar og dirigentar. Dei første 25 åra etter hundreårsskiftet var det mykje korsong i bygda. Tilboda for ungdomen var ikkje så mange, så dei som hadde givnad og interesse for song, gledde seg til å vere med i eit songkor. Men så kom den store utvandringa til Amerika i 20-åra, og mange krinsar vart mykje tappa for ungdom. Unge gutar reiste i flokk og fylgje, ja, jenter og, og dette merka ein snart i songkoret.

I slutten av 1930-åra, då industrien slo rot i bygda, vart det ei rikare tid for songen. Heilt fram til 1950-åra blømde korsongen no, ikkje minst i krigstida. Mellom 1910 og 14 hadde det vorte skipa spellag på fele, og somme av dei gamle spelemennene som då levde, var med. Men ikring 1930-åra vart det også slutt med desse, og musikk-korpsa tok til å kome i staden. Frå 1950-åra voks dei mange skulekorpsa fram. I barne- og ungdomsskulen fekk song- og musikk-opplæringa ein breiare plass. Det kom lærarar med meir utdanning i song og spel, og vi fekk kommunal musikk-lærar som gav rettleiing omkring i kommunen.

Den aukande velstanden i 1950- og 60-åra gjorde og sitt til at det vart fleire instrument i heimane. Vilkår for eit rikare song- og musikk-liv vart betre.

Eg veit ei bygd der inne

*Eg veit ei bygd der inne
imellom fjell og fjord,
ho gøymer tusen minne,
dei kjæraste på jord,
så mang ei bygd og mang ei grend
var vakker nok og vide kjend,
men ei imellom hine
i minneglansen skine.*

*Eg sit i stille stunder
og blundar augo att,
då stig ho som eit under
or dis og draumenatt,
ho lyser skir og strålerein
frå fjell og ned til fjørestein,
og for mitt indre auga
i vår og varme lauga.*

*Og som eg sit og tenkjer
på barndomsbygda mi,
eg ser at fjorden blenkjer
i austagræla blid,
og kringom vik og våg og strand
mot fin og sylvgrå fjøresand,
ligg bårane og plaskar
og voggar seg og vaskar.*

*Vi vamar nok og vimar
i verdsens ville sveim,
men i dei stille timar
sviv tankefuglar heim
til bygda mellom fjell og fjord,
den kjæraste vi veit på jord,
til dalane der inne
med glans av fagre minne.*

Henrik Straumsheim

Song og spel i Sykkylven i gammal tid

Vi veit ikkje så mykje om song og spel i Sykkylven i gammal tid. Vi kjenner til flinke songarar som levde først på 1800-talet og spelemenn i slutten av 1700-talet. Men det var nok song og spel før den tid 6g. Det vi kallar folkemusikk, lydde nok her i bygda som andre stader, og songdansen — eller ringdansen — vart vel dyrka her og i mellomalderen. I lag og fest var det kveding og tralling til moro og dans, og på fjellet var det hauking, lokking og liljing. I sorg og tunge stunder kom klagetoneane. Først var det vel låten av lur og horn som lydde som spel.

Då kristendommen kom, vart kyrkja ein midstad for det religiøse liv, og der fekk songen ein viktig plass. I stavkyrkja, som ein trur vart bygd omkring 1300, lydde vel songen mest frå presten ved altaret. Etter reformasjonen, då klokkaren vart føresongar i kyrkja, kom kyrkjelyden meir med i songen.

Som vi veit, gjekk skulen på omgang i stovene den første tida, og den læraren som hadde best songroyst, vart utnemnd til klokkar. Kring 1785 er det fortalt om omgangsskulelærer Euing Hundeid at han ikkje kunne bli klokkar av di han hadde for veik songroyst. Derimot heiter det om den kjende klokkaren Peter Olsen Strømme at han var særst godt skikka til klokkartenesta. Han lærde og opp lærarar til omgangsskulen.

Mykje å seie for folkesongen i bygda fekk den kjende Sve-Nilsboka. Sve-Nils var lærar på Stranda frå 1778 til 1787, og han dikta ei mengd gudelege songar. Boka vart prenta i 1782. Mange av songane hans syng vi enno. Ved skulelova av 1827 vart song fast fag i skulen. Omframt religion, lesing og rekning skulle det vere song etter salmeboka. Songen skulle stø religionsopplæringa og vere mest salmesong. I meldinga frå bispevisitaset i 1850 står det om skulestellet i bygda: «Skulestellet er i god stand. For tiden er det i preste-gjeldet 351 barn, hvorav 91 undervises i sang etter salmodikon».

Kyrkja og skulen var såleis med og skapte folkesongen vår. Og litt etter kvart tona det meir og meir i heimane, i arbeidslivet, i lag og lyd. Ungjenta song ut sin draum og lengt, mor song for veslebarnet, bestemor og bestefar song sin gamle tone. I seterlivet hørde songen med. Gjetaren song frå lia, og det var lokk frå gut og jente. Særmerkt var liljinga. Det var ei bylgje av høge og låge tonar, ofte vevmodige i lange sløyfer. Ikkje mange i bygda kunne lilje på rett. Men på fagre sommar dagar kunne det hende at ein hørde gjetaren lilje ovanfrå lia. Anne Marie Brunstad skulle vere den flinkaste i bygda til å lilja i si tid. Ho døyde i 1937. På Aurdal var Guri-Gjensine Aurdal og kjend for å kunne lilje godt. Ho var dotter til Jens Peter Eidem, ein bygselmann på Aurdal. G.J. var nær slektning til Ole Olsen Nakkegjerde. Ho var også kjend for å kunne blåse i lur når ho var på setra og på fjellet. Luren hennar er no på Vik hjå Jenny og Kristian i Sjursgarden.

Det fylgde romantikk med seterlivet. Det var så underleg ei stemning oppe i fjelldalen. Når kveldsdisen sveipte seg kring nut og nov, fjellvatnet låg stilt og djupt og dei små seterhusa stod som skuggetroll, kunne ein høyre huldresongen. Det var vel denne songen Carl Tandstad tolka i tonestykket «Gimsdalshuldra». Han syntes å høyre huldresongen som atterljom frå sjølve dalen, det var huldra som song barnet sitt i svevn.

Fleire av dei gamle lærarane i Sykkylven var gode songarar. Ein av dei var Severin Brudevold i Velledalen. Han var notelærd og øvde inn korsong med born og vaksne. Han hadde orgel heime, som han nytta i øvingane. Severin hadde gått lærarskule på Stord i 6 månader. Det var utdanninga hans. Først var han lærar i Furstrand og Søvik krinsar, og kom så til Velledalen som lærar i 1861—62. På Sørstranda og i Hundeidvik var Karl Habostad lærar, på Grebstad klokkar Karl Strømme (1815), som også vart kalla Gamleklokkaren, og så var det Johan Grebstad (Plasse-Johan, f. 1837).

I 1870-åra var Arne Grønningsæther lærar på Blindheim og i Straumgjerde, og han var flink songar. Gamle folk har fortalt kor flinke skuleborna hans var til å syngje.

Kring 1850 levde Bodvar Johnsen Nysæter, son til den kjende Jon Bodvarsen Nysæter (Nysæter-Jo). Han sysla med skriving og laga mange viser som han song, og som bygdefolket lærde utanåt. Mest kjend er Bodaviså, som er teken med i denne boka.

Av kvinner var det Anne Marie Brunstad (f. 1859) som var mest

kjend. Ho var mykje med i det kristelege arbeidet i Dalen. Lærer Johan Brunstad, kordirigent i Velledalen, hugsa henne godt. Han sa det slik: «Ho hadde ei stor og klokkerein røyst og kunne gå særst høgt. Hadde ho fått vidare utdanning, ville ho nådd langt som songar». Både i kyrkje og bedehus song ho ofte åleine, og saman med andre kunne ein jamt høyre røysta hennar. Ved ei særskild høgtid, då nye-kyrkja vart vigsla, hadde lærar Jens Brunstad øvt inn eit lite kor som song der. Her var Anne Marie med, og røysta hennar kunne folk høyre over dei andre.

Son til den kjende Brunstad-Magnus hadde også eit kor i Velledalen ei tid. Han reiste seinare til Nordland og vart sløydlærer på ein skule der.

På Dravlaus var Olave i Barbrogarden (f. 1835) ein kjend songar. Ho var bestemor til Edvard Drabløs. Han fortalde at ho også kunne fleire slåttar som ho mang ein gong tralla i bryllaupslag. Spelemannen trong avløyning no og då. Son til Olave, Jens Helgesen (f. 1856), og kona, Olave Eriksdotter Velle (f. 1852), var baa songarar og song folketonar til Catharinus Elling i 1911.

På Velle var to flinke songarar. Det var Kari-systrene Anne (f. 1869) og Bastianne (f. 1877). Det er fortalt at Anne kunne ta opp rette tonen til songen med ein gong, og medan Bastianne song 2. stemme, lydde duetten fint. 17. mai 1904 var mykje folk samla på Karihammaren ovanfor Velle for å høgtide dagen. Då song desse to «Den himmelske lovsang» to-stemmig.

På Erstad var Berte Marie Stave, mor til spelemannen Johan Erstad, ein svært flink songar. (Sjå side 187).

Eldste spelemannen vi veit noko særst om, er Hans Jakup Eide eller Hans Jakup Nerigara. (Han vart og kalla Hans Jakup Utigara), Lars Peter Hjortdal (Gamle-Hjortdalen), som levde seinare, var vide kjend. Så kom Knut Lade (Rime-Knut), sonen Ole Lade o.fl. Klarinett-Knui var den første på klarinett.

Ved elva nedanfor Brunstad var det ein hard voll dei kalla «Dansarvollen». Her kom ungdomen saman frå heile dalen og danste. Spelemannen sat på ei bergufs som stakk ut frå bakken. Karl Nakkeberg, som då var 9—10 år gammal, hugsa at spelemannen Bø-Knut-Johannes spelte på «Dansarvollen». Seinare spelte Rime-Knut der og. Olav Olsen Lade lærde felespel av far sin, Ole Lade. Han reiste seinare til Amerika og døydde der. Jo-Hans frå Nysetra og Kristian Lade frå Hjørundfjorden spelte og i bryllaup. Dei levde ei tid før Rime-

Knut. Andre spelemenn i Dalen var Ole Martinusen Brunstad (f. 1868) og Bernt Brunstad Nakkeberg (f. 1881). Like god spelemann var Karl Nakkeberg (f. 1892). Ein må og nemne Løddøenkarane, Knut (f. 1901), Olav (f. 1907) og Harald (f. 1910) som og vart rekna for gode spelemenn.

I bygda elles hadde vi Bernt Høgset, Karl O. Grebstad, klari-nettisten Severin Aure (Prestov-Severin), i Tusvik: Johan og Hans Hatlemark, Karl Hatlemark og Petter Blakstad. På Sørestranda var Johan Erstad og Lars K. Riksheim. Alle var dei kjende spelemenn.

Spelemenn som kan reknast til gamletida, men som ikkje spelte i bryllaup, var Johan Brunstad, Ole J. N. Fet, Barbro-gutane Edvard og Johan, og så Bastian og Gustav Adolf Weiberg-Aurdal. Fleire av dei var med i musikklag og kunne notespel. Gamle slåttar spelte dei og.

Salmodikon var eit einfelt instrument som vart brukt i skulen i gammal tid. Det var ei avlang resonanskasse med berre ein streng som ein strauk på med ein boge. På loket var avmerkt strek for heile og halve tonar. Det skal enno finnast att eit slikt instrument i bygda.

For den læraren som ikkje kunne syngje, var dette instrumentet til god hjelp i skulen.

I sorg og glede var song og spel med. Lang veg var det frå utkantane i bygda til kyrkja, og heile dagen gjekk med, anten det var vanleg preikesundag, gravferd eller bryllaup. Hesteskysst var det vissaste. Det gjekk nok ikkje så fort med hest og slede. Etter kvart som gravferdsfylgjet skreid fram, kom det folk til frå grenda, og ved kvar gard stogga fylgjet og song ein salme. Dei som kom i båt over fjorden, song og. Frå kyrkjebåtane tona lovsongen ut i den fagre sommar-dagen.

Til bryllaupsferda kom gjestene med hest og skyssvogn, av beste slaget. Det var ikkje sjeldsynt at fylgjet talde 20—25 hesteskysstar, og då vart det bisning når heile rekkja kom køyrande til kyrkja.

Like eins var det høgtideleg å sjå dei mange bryllaupsbåtane når dei stemnde over fjorden. I skriftet til 75-års høgtida for Sykkylven kyrkje står det såleis: «Dei som kjem frå Velledalen leiter seg gjerne saman i båtfylgje. No flotar dei storfæringane sine i Straumgjerde. Karane set seg ved årane, og kvinnfolka og borna finn seg plassar som best dei kan. Saman med båtane frå Straumgjerde, Tandstad-



Kronebrur frå Velledalen

grenda, Riksheim og Erstad ror dei utetter den blanke fjorden med solglitter i kvart åredrag. Praten kjem i gang. Karane drøfter veret og årsvonene. Kvinnfolka er gjerne huga på å frette nytt om brudeparet som skal for altaret og gifte seg i dag, og om bryllaupet deira. Det er ikkje småtteri det som skal til i tnatavegen i slike bryllaupslag som varer i tre på fjerde dagen. Men brått er det ein som tar til med ein salme. Dei andre stemmer i i lag med, og lovsongen tonar ut over fjorden. Folket frå Riksheim og Erstad legg ofte til lands i Bringebærdalen, Hella og Sætre i Lånastøa, og folk frå Velledalen ror til Haugberget. Dei frå Ikornnes legg til lands i Styrkåstøa. Dei frå Tusvik og Hundeidvik legg til i Haugbukta.

Medan karane set frå seg båtane, går kvinnfolka av stad og byter på seg kyrkjelede. Det er hjå Petter Elias på Klokkarhaugen og på Ananiasplassen. Brått er det ein som ropar: Der kjem brudabåten, og ut or stova hans Petter Elias strøymer kvinnfolka. Karane får fart på seg, og borna stimlar saman. Snart står heile ålmugen oppstilt og skal ta imot brudefylgjet som kjem opp Klokkarhaugen.

I spissen for fylgjet trippar spelemannen. I dag er det han Rime-Knut. Han er nipper på fingeren han Knut, kyter folket og lyder på brudemarsjen, som tonar ut frå fela og bårar og flyt over folkemugen. Etter spelemannen kjem brudefolket».

Mellom dei som dyrka folkesongen, var dei gamle kjøkemeistrane. Dei merkte seg ut med songen sin både i alvor og gaman. Mange av dei var og særst flinke. Syver Andreas Karlsen Lade, f. 1792 d. 1874, var flink både som songar og kjøkemeister. Han var gift med Johanne Larsdotter Grebstad frå Pe-garden, var skrivekunnig og litt av ein diktar. Ein gong skreiv han eit minnedikt over drengane Peter og Severin Peterson Melset, då dei kom bort på sjøen på ein tur til Ålesund i 1856. Melodien var: «All verden er idel forfengeligheit».

Karoles Tandstad (Johans-Karoles) f. 1817, var songar og mykje nytta som kjøkemeister. Han var bestefar til Carl Tandstad og denne bokskrivaren. Sameleis var grannen, Andreas Rasmussen Tandstad, f. 1834, kjøkemeister og songar.

På Vik budde Nils Larsen Vik (Geile-Nils) f. 1837, som var kjøkemeister og både ringjar og bygdevektar. Han døydde i 1905. Ikkje mindre kjende var brørne i Teigen, Knut, f. 1853, Severin, f. 1863, og Karl, f. 1869. Henrik Straumsheim og Lars K. Riksheim har bore song-gåva vidare etter desse fedrane.

Så har vi Lars Johnsen Tusvik (Jo-Lars), Gilde-Lars, vart han 6g kalla. Han var fedd i 1844. Han var gift med Petrine Knutsdotter frå Skodje. Ho var svært glad i mannen sin, er det fortalt, og ho sa ofte: "E ti-kje han Lars é so pæne". Dei budde først i Tusvik, sidan i Ullavika, men bygsla så ein plass i Vikebøen. Seinare flytte dei fram til Verket på Aure, der stova deira stod. Dei hadde fleire born. Sonen Lars var med i «Lurlåt» den første tida. Dottera Lovise vart over 100 år gammal, og ho var i si tid eldste mennesket i Sykkylven. Jo-Lars var ein morosam bryllaupssongar. Det var nok elles fleire gode kjøkemeistrar i bygda. Alle var dei viktige personar å ha i bryllaupet, og dei sette både liv og farge på laget med songen sin. Mellom desse kunne ein nemne: Lars Petter Kjemphol, Bjarne Sætre, Lars Myhre og Kristian Vik. Dei gjorde teneste frå 1920-åra og utover.

Den siste av dei gamle kjøkemeistrane var Bernt Strømmegjerde (Teige-Bernt), f. 1866 d. 1927. Han verka så seint som i 1925. På den tid var det enno vanleg med over 2-dagars bryllaup og opptil